



DET KONGELIGE  
FINANSDEPARTEMENT

## Rundskriv R

---

Alle departement  
Statsministerens kontor

Nr.  
R-7/2018

Vår ref  
18/3327

Dato  
04.09.2018

### **Statsbudsjettet 2018 – Tilleggsøyvingar i haustsesjonen – Ny saldering**

Finansdepartementet skal leggje fram for regjeringa ei samla oversikt over fagdepartementa sine forslag til tilleggsøyvingar hausten 2018. Finansdepartementet ber difor om at fagdepartementa sender inn forslag til tilleggsøyvingar for 2018 som det er strengt naudsynt at Stortinget vedtek i haustsesjonen. Dette gjeld òg saker om overskriding av mindre omfang og som i tråd med løyvingsreglementet kan avgjerast med samtykke frå Finansdepartementet eller ved kongeleg resolusjon.

Finansdepartementet gjer òg merksam på at det kan vere naudsynt å setje ned løyvingar for å tilpasse dei til kravet om realistisk budsjettering.

Finansdepartementet skal ha innspela innan 17. oktober 2018. Forslaga skal fordelast på kapittel og postar med følgjande opplysningar som skal gjevast i 1 000 kroner:

- Rekneskap 2017
- Saldert budsjett 2018 + tilleggsøyvingar hittil i år
- Tilleggsforslag for 2018

I hovudbudsjettsskrivet for 2019 vart departementa bedne om å sende inn overslag over behov for å endre løyvingane i andre halvår 2018 innan 30. juli 2018. For at desse skal bli behandla, må departementa sende inn konkrete forslag no. Det er ikkje nok å ha gjeve desse opplysningane tidlegare.

Etter at regjeringa har teke stilling til forslaga om tilleggsøyvingar, må departementa leggje fram eigne proposisjonar med dei forslaga som vart godtekne. Fristen for å leggje fram slike forslag er 23. november 2018. Utkast til proposisjon skal leverast Finansdepartementet for kontroll innan 19. november 2018.

Proposisjonen om ny saldering av statsbudsjettet for 2018 vil etter planen verte fremja i statsråd 30. november 2018.

Med helsing

Colin Forthun e.f.  
avdelingsdirektør

Richard Gjertsen  
fagsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke håndskrevne signaturer*